

PP-tenesta og spesialundervisning for vaksne



DER SOM DU HAR RETT TIL GRUNNSKOLEOPPLÆRING FOR VAKSNE, KAN DU OGSÅ HA RETT TIL Å FÅ SPESIALUNDERVISNING

Det er to ulike former for spesialundervisning for vaksne i grunnskoleopplæringa. Den eine typen spesialundervisning kan du få dersom du ikkje har tilstrekkeleg utbytte av opplæringa, og vaksenopplæringa ikkje kan tilpasse opplæringa godt nok for deg. Den andre typen spesialundervisning kan du få dersom du treng å utvikle eller halde ved like grunnleggjande ferdigheiter. Det kan vere aktuelt dersom du etter å ha fullført vidaregåande opplæring framleis treng opplæring, eller du har fått ein skade eller ein sjukdom, og du treng hjelp for å fungere i det daglege.

For begge typene av spesialundervisning må kommunen og PP-tenesta vurdere og gi råd om kva du treng, og kommunen må gjere eit enkeltvedtak.

PP-tenesta kan samarbeide tverrfagleg på lokalt nivå, til dømes med helsetenesta eller NAV, og på statleg nivå med til dømes Statped eller psykiatriske tenester. PP-tenesta har teieplikt.



PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE (PP-TENESTA)

Ei teneste som gir råd til barnehager og skolar i kommunar og fylkeskommunar om tilrettelegging for barn, unge og vaksne med særskilde behov.

SAKKUNNIG VURDERING

Eit dokument frå PP-tenesta som viser om du treng spesialundervisning, og som gir råd om kva slags tilbod du bør få.

ENKELTVEDTAK

Eit brev frå kommunen som seier om du har rett på spesialundervisning eller ikkje, og kva spesialundervisninga skal innehalde. Du kan alltid klage på enkeltvedtaket.

INDIVIDUELL OPPLÆRINGSPLAN (IOP)

Ein IOP skal vise mål og innhald i spesialundervisninga og er eit arbeidsverktøy for lærarane.



KVA KAN EG FORVENTE AV KOMMUNEN?

KVA KAN EG GJERE?

KOMMUNEN SKAL

- syte for at ditt beste blir teke hand om
- høyre kva du meiner før dei tek avgjerder som gjeld deg
- ha samtalar med deg, og gjere nødvendige kartleggingar
- vurdere om du treng spesialundervisning
- be PP-tenesta om å gjere ei sakkunnig vurdering dersom du ber om det, eller dersom vaksenopplæringa meiner at du treng spesialundervisning
- gjere eit enkeltvedtak som seier om du skal få spesialundervisning eller ikkje, og kva spesialundervisninga skal bestå i
- lage ein individuell opplæringsplan (IOP)
- gi spesialundervisning slik det er gjort greie for i enkeltvedtaket og i IOP-en
- lage ein skriftleg rapport om spesialundervisninga og utviklinga di ein gong i året
- sjå til at du får rettleiing om kva vurdering med og utan karakterar vil seie, før du bestemmer deg

DU SOM FÅR

GRUNNSKOLEOPPLÆRING FOR VAKSNE

- kan krevje at vaksenopplæringa undersøker om du treng spesialundervisning
- kan drøfte uroinga di med PP-tenesta og skolen før tilvising
- skal bli involvert og seie ja før kommunen bed PP-tenesta om ei utgreiing og vurdering
- skal bli involvert og seie ja før kommunen bestemmer at du skal få spesialundervisning
- skal få ein skriftleg rapport ein gong i året om spesialundervisninga du får, og ei vurdering av korleis du utviklar deg
- kan klage om du ikkje får spesialundervisning
- kan klage på innhaldet, gjennomføringa eller organiseringa av spesialundervisninga
- kan bestemme om du vil ha fritak frå vurdering med karakter i dei faga du får spesialundervisning i

Dersom du har ei verje, har verja dei same rettane som du har.

Retten til spesialundervisning for vaksne er regulert i opplæringslova § 4A-2.

Les meir i rettleiaren
Spesialundervisning for vaksne.

